



Arkivnr: 2014/11976-10  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		18.03.2015
Fylkesutvalet		26.03.2015

## Omklassifisering av E 39 Vågsbotn - Nordre Brurås til fylkesveg

### Samandrag

Saka gjeld omklassifisering av parsell Vågsbotn-Nordre Brurås via Vikaleitet på E 39, frå europaveg til fylkesveg etter at nye E 39 gjennom Eikåstunnelen er opna.

Fylkesvegrådmannen viser til vegen via Vikaleitet framleis vil ha funksjon som omkøyringsveg og som gang- og sykkelveg, og det fell seg difor naturleg at vegen vert omklassifisert til fylkesveg.

Fylkesrådmannen tilrår at gamlevegen parsell Vågsbotn-Nordre Brurås på E 39 vert omklassifisert til fylkesveg.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at gamlevegen E 39 Vågsbotn-Nordre Brurås vert omklassifisert til fylkesveg.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 19.02.2015**Bakgrunn

Den nye vegen mellom Vågsbotn – Nordre Brurås på E39 vart opna 16. oktober 2014. Veggen består i hovudsak av to nye tunnelar og nytt rampesystem i kryssområdet Vågsbotn. Total lengde på nye veggen er 1,6 km. Den nye veggen, medførte at gamlevegen langs Vikaleitet fekk vesentleg mindre trafikk.

Sjølv om nye veggen no er opna, vil gamle veggen via Vikaleitet fortsatt ha ein funksjon som sambindingsveg. Veggen binder saman fleire mindre lokale bustader og eit større bustadområde ved Vikaleitet/Eikåslia. I og med at det er mange menneske som bur i området vil ein anta at ei vesentlig del av busstrafikken fortsatt vil nytte seg av veggen.

Fylkesrådmannens vurdering

Fylkesrådmannen ser det som positivt at tidlegare trafikk på E39 via Vikaleiet er blitt vesentleg avlasta no som hovudtrafikken langs E39 går via Eikåstunnelen. Resultatet er at trafikkmengda spesielt på strekninga frå Sæterstølvegen like nord for kryss avkjøring til Vikaleitet til nytt T-kryss med Steinestøvegen har blitt mykje lågare. Primært er trafikken størst på lokalvegen (tidlegare E39) frå Vikaleitet og sør mot Vågsbotn.

Som tidlegare vil gåande og syklande framleis nytta gang- og sykkelvegen fram til Eikåslia. Veggen nordover vil gå i blanda trafikk fram til Steinestøvegen det nye kryssområde som er etablert. Tilbodet til dei mjuke trafikantar er som før, men det at trafikken er vesentleg redusert, vil tilseie at situasjonen vert vesentleg betre. Statens vegvesen har vurdert det slik at det primært er trafikken frå Vikaleitet og sørover mot Vågsbotn som vil ha størst trafikk. Statens vegvesen vurderer det som akseptabelt at det ikkje er eit separat tilbod til gåande- og syklande på den nordlegaste strekninga mot Steinestøvegen. Fylkesrådmannen tek dette til etterretning i denne omgang, men vil tilrå at dette blir sett i samanheng med kommunen sitt trafikksikringsarbeid og planane for dette i Bergensprogrammet.

Fylkesrådmannen føreset at veggen tilfredstille forskriftskrav og vedlikehaldsstandard før veggen blir omklassifisert.

Statens vegvesen har lagt fram forslag om at E39 via Vikaleitet vert omklassifisert til fylkesveg. Bergen kommune har sagt seg einig i anbefalinga frå Statens vegvesen. Fylkesrådmannen tilrår at veggen via Vikaleitet på Ev 39 Vågsbotn-Nordre Brurås vart omklassifisert til fylkesveg.